



Elektronisk post

Frå: Kultur

Til: Kulturdepartementet, ,

Vår ref.: 13/1086-22

Arkiv: N-258

Dato:28.04.2014

Den kulturelle spaserstokken 2013 - rapport

Kvam herad er ein langstrakt distriktskommune i Hardanger, med over 8000 innbyggjarar. Vi har 4 institusjonar for eldre (Ålvik, Øystese, Norheimsund og Strandebarm), - i tillegg til omsorgsbustader, trygdebustader, - samt mange eldre i eigne heimar.

Kvam har i dei siste åra satsa på å utvikla gode kulturtilbod til alle innbyggjarar. Sidan 2008 har vi fått tilskot via Den kulturelle spaserstokken, og har mange og gode erfaringar og tilbakemeldingar med dette konseptet. Vi har tilrettelagt ulike kunst- og kulturtilbod for eldre innbyggjarar som elles ikkje ville hatt høve til å delta på ordinære tilbod. Døme er ulike konsertar, forfattarbesøk, samarbeid med musikkfestivalar, teater/kabaret, kino m-m. Kommunen har og hatt samarbeid med profesjonelle kunstnarar, og gjennomført tiltak med høg kvalitet. Viser og til vedlagt økonomisk rapport for 2013.

Rapport for 2013:

Kvam herad fekk kr 170 000 i tilskot i 2013. Kvam herad lyste ut tilskotsmidlane, og kunst- og kulturaktørar søkte tilskot til tiltak for eldre, - primært på institusjonar. Retningslinene frå departementet vart lagt til grunn ved tildeling av tilskot.

Kommunen har og samarbeid med Storeteigen bygdemuseum, Kvam kino og Kunsthuset Kabuso om tilrettelagte aktivitetar utanfor institusjonane.

Arrangør	Tiltak/arrangement	Tilskot
Hardanger fartøyvernssenter	Vising av film på 4 om nordlandsfarten (institusjonar)	Kr 10 000,-
Kinck-dagane	Konsert i samband med Kinck-dagane på institusjon.	Kr 8 000,-
Hardingtonar	Konsertar på under festivalen på institusjonar	Kr 25 000,-
Torgeir Kinne Solsvik, mfl	Konsertar på institusjonar	Kr 18 696,-
Den Gode melodi, Bal Musette	Song/cabaret på institusjonar	Kr 12 000,-
Kvam kino	Ulike filmar, sjå vedlegg	Kr 4 744,-



Strandebarm pensjonistlag	Arrangement	Kr 2 000,-
Rune Alver	Konsertar på institusjonar	Kr 6 154,-
I Kopperdal	Folkemusikkprosjekt, samarbeid skular/institusjonar	Kr 3280,- Kr 21 720,-
TrommeLars	Musikk	Kr 939,-
Kunsthuset Kabuso	Kunstutstillingar opne for institusjonar og pensjonistar	Kr 20 000,-
Arvid Åsprang mfl	Konsertar på institusjonar	Kr 27 696,-
Bygdagnist	Storeteigen museum	Kr 25 000,-

I tillegg til tilskotsmidlar kr 170 000 har Kvam herad nytta egne tilskotsmidlar frå budsjettet. Tilskotet er nytta til omsøkte tiltak i søknaden. Sjå vedlagt utdrag frå rekneskapet.

Vi har fått svært gode tilbakemeldingar på desse tiltaka i 2013, og er godt i gang med arrangement i 2014. Kulturkontoret har hatt ansvar for gjennomføring av tiltaka, i samarbeid med kunstnarar og institusjonar, - og har svært gode erfaringar med desse tiltaka. Tilskotsmidlane har såleis vore av stor verdi for å gje eldre i kommunen varierte kulturtilbod.

Kulturkonsulent
Mary Ann Sørheim

Kopi til:			
Hordaland fylkeskommune			